



Amanita virosa

### Kvit flugesopp

*Amanita virosa*

Heile soppen er kvit (hatten, stilken, skivene og soppkjøtet). På stilken sit det ein ring, men denne kan falle av. Nedste del av stilken sit i ei slire (pose). Soppen er vanleg i skogen.



Galerina marginata

### Flatklokkehatt

*Galerina marginata*

Hatten og skivene er gulbrune. Stilken varierer fra grå til brun. Det er ein liten sopp som vanlegvis veks fleire saman på bark eller stubbar. Soppen er vanleg i skogen.



Amanita phalloides

### Grøn flugesopp

*Amanita phalloides*

Fargen på hatten kan variere frå grøn til brun og gul. Skivene og stilken er kvit. På stilken er det ein ring, men denne kan falle av. Nedste del av stilken sit i ei slire (pose). Soppen er sjeldan.



Lepiota boudieri

### Rustbrun parasollsopp

*Lepiota boudieri*

Hatten er klokkeforma og gulbrun. Skivene er kvite. Soppen er liten med 3-6 cm høg stilk. Den veks i lauvskog.



Lepiota castanea

### Kastanjeparasollsopp

*Lepiota castanea*

Hatten er raudbrun med små skjel. Skivene og soppkjøtet er kvitt. Soppen er liten og veks i lauv- og barskog.

### Forgiftinga

Sjølv ein svært liten mengde av desse soppane kan gje alvorleg forgiftning. Symtoma kjem 6-24 timer etter inntak med kraftig, vasstynn diaré, magesmerter og oppkast. Risikoen er stor for livstruande leverskade i løpet av 2-3 dagar. Ved mistanke om inntak kontakt Giftinformasjonen for vidare oppfølging.

## Spiss giftslørsopp

*Cortinarius rubellus*

Heile soppen er raudbrun (hatt, skiver, stilk og soppkjøt). Soppen er vanleg i skogen.



*Cortinarius rubellus*

## Butt giftslørsopp

*Cortinarius orellanus*

Liknar spiss giftslørsopp, men har butt hatt. Dette er ein sjeldan sopp som veks i lauvskog.

### Forgiftinga

Sjølv ein svært liten mengde av spiss eller butt giftslørsopp inneholder nok gift til å gje alvorleg nyreskade. Først etter minst to dagar kjem symptoma på forgifting med kvalme, magesmerter, generell sjukdomsfølelse og auka eller redusert urinmengd. Det er høg risiko for å utvikle alvorleg nyresvikt innan 3-10 dagar. Ved mistanke om inntak kontakt Giftinformasjonen for råd om vidare oppfølging.

## Raud/brun- og panterflugesopp

*Amanita muscaria / A. regalis / A. pantherina*

Soppene har kvite skiver og stilk med ring. Foten på stilken er oppsvulma. Hatten er raudfarga eller brunaktig, vanlegvis med kvite prikkar.



### Forgiftinga

Desse tre flugesoppene inneholder gift som påverkar nervesystemet. Symptoma kjem oftast innan ½-3 timer etter at soppen er eten. Små inntak kan gje forvirring, svimmelheit, muskelskjelvingar og mageubehag. Alvorleg forgifting er sjeldan, men større inntak kan gje symptom som krev sjukehusbehandling.

## Pluggsopp

*Paxillus involutus*

Soppen har brun hatt med innrulla kant, brun stilk og skiver som mørknar ved trykk. Pluggsopp er svært vanleg.



### Forgiftinga

Pluggsopp inneholder fleire ulike giftstoff og kan gje varierande symptom. Oppkast, diaré og magesmerter kan kome ½-3 timer etter inntak av rå sopp. Etter gjentekne inntak av varmebehandla pluggsopp er det sett alvorleg forgifting med skade på blodceller og nyter.



# Giftige soppar i Noreg



I skogen veks både matsoppar, sopper ein ikkje bør ete og giftige soppar. Nokre av dei giftigaste soppene her i landet kan til forveksling likne matsoppar i andre land. Kontakt Giftinformasjonen ved mistanke om forgifting.

### Gode råd ved soppsanking:

- Et kun sopp du er 100 % sikker på
- Prøvesmak aldri på ukjend sopp! Sjølv giftig sopp kan ha mild smak.
- Bruk oppdatert sopplitteratur
- Kast all sopp som mark har ete på eller som er røten

### Giftinformasjonen

Tel.: 22 59 13 00 (døgnåpent)  
[www.giftinfo.no](http://www.giftinfo.no)

Brosjyra er utarbeidd av Giftinformasjonen. Ei utvida brosjyre på norsk kan lastas ned fra heimesida.

Norges sopp- og nyttevekstforbund ([www.soppognyttevekster.no](http://www.soppognyttevekster.no)) arrangerer soppkurs og turar.